

## FRÅ NORDHORDLAND TURLAG/NATURVERNGRUPPA.

**Sak: Uttale til *Områderegulering Midtmarka og Rotemyra* – offentlig ettersyn og høyring.**

Nordhordland Turlag vart skipa i 1993 og har ca 2 000 medlemmer og er ein av dei største lag i regionen.

Laget dekkjer kommunane Fedje, Austrheim, Alver, Masfjorden og Modalen.

Laget er lokallag under Bergen og Hordaland Turlag (BHT) og såleis ein del av DNT systemet.

---

Nordhordland Turlag (NT) har eit omfattande turprogram for folk i alle aldrar og har friluftsliv i eit folkehelseperspektiv som primært arbeidsfelt. Laget har ansvar for tre hytter og delar av løypenettet til BHT samt tilrettelegging lokalt.

Naturvern har ei sentral rolle i vårt arbeid, med bakgrunn i det utbyggingspress som er i Noreg. Tilrettelegging av naturområde i nærmiljøet til den dagleg trim er svært viktig. Dei mange turbøkene rundt på våre lokale toppar vitnar om stort behov for natur å bevege seg i, og det er rangert svært høgt på lista over viktige element å ha i nærleiken av sin bustad. Dei siste års stolpejakt viser kor viktig naturen er som tumleplass når det vert lagt til rette. Vi trur at det har stor verdi for utbyggjar, bebuarar og samfunnet generelt å ha dette perspektivet med i planprosessane.

Vi tek ikkje her opp politiske spørsmål som storleik på utbyggingsarealet, regionen sitt behov bustadareal/næringsareal eller vegløyser, men handsamar det som rører ved våre aktivitetar.

### **Nordre del av Flatøy.**

Alver kommune skal ha ære for at ein har ein open prosess rundt heile utviklinga av området mellom Knarvik og Frekhaug, der det er råd kome med innspel som grunnlag for ein god konsensus rundt politiske vedtak.

Natur som har opparbeidd seg sidan siste istid er ein stor verdi i seg sjølv. Ikkje alle ser det slik, men vi er ulike med ulike verdiar. Ein bør ha respekt for urørt natur og vite kva ein gjer når ein skrellar vekk vegetasjon og jord og sprengjer og planerer. Det let seg ikkje tilbake stille. Når ein først tek det i bruk bør det vere gjennomtenkt og vi oppfordrar til god politisk styring der ein vektar samfunnsinteresser opp mot utbyggjar sine interesser, som naturleg nok har økonomi høgt prioritert.

Løypa over dette området til Håøytoppen er svært mykje i bruk og vil vere endå meir attraktiv når dette prosjektet vert realisert. Det har stor attraksjonsverdi for ei bygd, eller ein by, å ha dette tilgjengeleg frå stovedøra. Det betyr mykje for trivsel, miljø og verdi på bustadane for dei som utviklar og kjøper. Tilgjengelegheit til Midtmarka og Rotemyra er stor då Flatøy er eit knutepunkt for gang- og sykkelveggar frå både Knarvik og Frekhaugområdet. Derfor er det viktig at ein landsskapskorridor mot Håøy startar ved gang- og sykkelvegen og er så brei at ein følar at ein ferdast i urørt natur til Håøy. Håøyna er eit særst verdfullt område for friluftsliv i Alver kommune, og har eit stort potensiale for meir friluftslivretta aktivitetar. Då må tilkomst også gje oppleving av friluftsliv og urørt natur.

Dette området ligg ved innløpet til den Indre farleia med si historie. Det er inngangen til Ytre Nordhordland frå sør. Her går Hurtigruta stundom og dagleg båttrafikk sør- og nordover kysten. Vårt klare råd er at ein er særleg merksam på korleis dette tek seg ut frå sjøside. Dugande landskapsarkitektar ser når utbygging er i stil med eller i strid med naturen rundt, når det bryt opp vakre horisontar eller går i eitt med dei.

Naturvern har både eit aktivitets- og eit landskapssynspunkt. Ved å ta vare på større lungar med urørt natur vil vi ta litt omsyn til dei som utan taleevner vert fortrenge, fuglar og dyr og vegetasjon.

Nordhordland turlag er klar over kva området er regulert til, men vil kome med følgjande råd:

1. Område bør ha ein god urørt korridor der ein gjennom uskadd natur kan ta seg fram til Håøy som vi legg til grunn skal vernast totalt til friluftsføremål.
2. Allemannsretten må også gjelde strandsona. Kajakkpadling er ein sterkt aukande aktivitet der Flatøy er basen i Nordhordland. Det bør vere lagt til rette slik at ein uhindra kan vandre gjennom området også langs sjøen, men gjerne offentlege tiltak som gjev tilgang.

**Lukke til med arbeidet til det beste for friluftslivet i Alver kommune!**

Med venleg helsing

Nordhordland Turlag

  
Børge Brundtland

Styreleiar NT

Asle Hindenes

Leiar i Naturverngruppa Nordhordland Turlag

Kontaktperson i saka tlf: 90121577

Adr.: Breivika 9, 5933 Ostereidet.